



Det er ei glede å presentere 1.klasse, 2019



Frå venstre i biletet:

Ghasan Fouad Almijan, Listbeth KB Homme, Fabgregas T Desta, Ellie Brokke, Audny Djupvik-Lillekvelland, Abdeljalil Nizar Hajali-Esa, Ola Retterholt Hovet, Knut Hasla Myrum, Daniel

Løyland, Trym Voldseth, Malene Rike

NYTT VOKSENKOR – BLI MED!

Organist Henrik West starter nå opp et nytt voksenkor. Repertoaret blir overveiende klassisk kormusikk, samt salmer og sanger. Planen er at koret skal medvirke på kirkekonsertar, gudstjenester og forskjellige andre tilstelninger i Setesdal.

Koret er åpent for alle i Valle og Bykle – både kvinner og menn – som har lyst til å synge i kor sammen.

Det er en fordel om man kan lese noter, men ikke noe krav.

Første samling blir onsdag 9. oktober.

Det blir ca. 10 samlinger fram mot jul.

Ta selv med mat og drikke til pausen.

Sted: Kyrkjestoga (Sæbyggjen i Valle)

Tid: onsdager kl. 19.00-21.30



VALLE IL INFORMERER



REGLAR FOR BRUK AV MØYKJEROMET

- Bruk innesko
 - Rydd **alltid** etter deg
 - Legg vekter tilbake etter bruk
 - Bruk handkle – eller vask apparata når dei har blitt brukt
 - Personer mellom 14-16 år må ha samtykke fra foreldre/foresatte
 - Utlån av nøkkelbrikke fører til utestenging
- NB. Trening med vekter er ikke å tilrå for ungdom under utvikling**



Valle Allidrettsklubb

Velkommen til samling i Vallehalli laurdag 26. oktober kl.18.00-21.00.
Det blir ulike idrettsaktiviteter , kiosksal og andakt v. Egil Grindland. Gratis frukt og kake.
Klubben er for unge fra 7.klasse og oppover.

Kvar måndagskveld kl 20.00 er det bønemøte på Nomeland Bedehus.
Alle velkomne!



Valle kommune

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Nye tilbod i kulturskulen:

Har du lyst til å spele trommer? Kvede? Danse?

Dersom interesse, har vi planar om å starte opp følgjande tilbod utover hausten/vinteren:

- Trommegruppe
- Kvedargruppe
- Leikarring

Vi er opne for innspel på organisering av tilboda – om det er mest ønskeleg med kortkurs, eller til dømes fast annakvar veke. Målgruppa er barn og ungdom.

Meld interesse til leiar kultur og fritid,
torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no

AGDER CAMERATA

Musikalsk fødsel i fem stadier

Musikk av:

Rolf Gupta, Anna Jastrzebska, Espen Jensen,
Vidar Kristensen, Kjell Marcussen, Jan Erik Pettersen, og Kari Matti Tamper



Medvirkende utøvere:

Randi Catarina P. Birkeland - cello, Espen Jensen - gitar,
Olga Rakvåg - fiolin, Tora Røstvik - fløyte,
og Erik Haugan Aasland - klaver

Fredag 18. oktober kl. 19:00 - Sæbyggjen, Valle
Inngang kr 200 Medlem FA Valle kr 150. Skoleelever gratis.

Arrangør: Folkeakademiet Valle. Konsernet inngår i en turné med 10 konserter i Sør-Norge

Aust-Agder musikkråd takker for støtte og samarbeid med:
Kilden Teater og Konserthus, Sandnes kulturhus, Folkeakademiet i Valle, Musikkens Venner Arendal, Musikkens Venner Mandal, Lyngdal kulturhus, Ullesaker kulturhus, Oslo Gamle Raadhus Scene, Ringebu kulturhus, og St. Croixhuset Fredrikstad/Ny Musikk Østfold

Turénen er støttet av:



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



AUST-AGDER
FYLKESKOMMUNE



ffuk.no
FOLKEAKADEMIET

Omtale av konserten til Agder Camerata
På konsert med Agder Camerata vil publikum få oppleve fire urframføringar, møte komponistane og høre korfor og korleis dei skreiv musikken. Musikken som blir til i dag står på skuldrene til gigantane Beethoven, Liszt, Grieg, og Stravinsky, og ber preg av stor fridom og mange mogelegheiter.

Vi garanterer at publikum vil finne noko dei vil like, og kanskje noko som vil utfordre - det er lov!

Familiebadning

Vi startar opp med familiebadning og fritidssymjing veka etter haustferien. Vår nye badevakt Knut Henrik Torgersen har då sin første dag i jobben, og vi håpar at han får riktig mykje å gjere!

**TYSDAG 8.OKTOBER
VI FEIRAR NY UTSMYKKING
AV SYMJEHALLEN OG INVITERER TIL
GRATIS FAMILIEBADING
OG FRITIDSSYMJING!**

Utsmykkinga vart laga i samband med kunst-workshop under Aust-Agder UKM fylkesfestivals. Kunstnarane er ungdomar frå heile Aust-Agder, under leiing av Sedin Zunic og Ane Skjævestad, også kjende som Seainvaders.

Tidspunkt:

BASSENGET		BADSTOVA
Familiebadning	kl. 1600-1800	kl. 1600-1800
Menn	kl. 1800-1930	kl. 1930-2100
Damer	kl. 1930-2100	kl. 1800-1930

INFORMASJON VEDR. FEIING/ TILSYN:

Frå og med 2019 skal **alle** hus og hytter vere med i feie/tilsynsordninga og vert derfor fakturert med gebyr årleg frå no av. Under kan du lese om kriterium for kor ofte du skal feie.

Forskrift om brannførebygging

I ny forskrift om brannførebygging vert det pålagt at alle kommunar/brannvesen skal risikokartlegge behovet for både feiing og tilsyn. Forskrifta tar også inn alle fritidsbustader på linje med vanlege bustader.

Bakgrunn for endringa

Bakgrunnen for endringa i forskrifta er at oppvarmingsbehov og fyringsmønster er endra over tid, sett i samanheng med nye krav til tettleik og varme i bustad. Statistisk sett er difor fyring mindre aktuelt og eldstadane er tryggare. Nye reintbrennande omnar har kome på marknaden. Utviklinga har medført at langt færre brannar oppstår i tilknyting til piper og eldstader enn tidlegare.

Risikokartlegging og feiefrekvens

Med den nye forskrifta plikter brannvesenet å kartlegge risikoen i alle bueiningar. Setesdal brannvesen IKS har blant anna lagt følgjande kriterium til grunn:

- Bygningstype
- Røykløpstyp
- Sotmengde
- Reintbrennande
- Avvik
- Brannsmitte
- Alder på bebuar
- Avstand til brannstasjon

Utifrå desse kriterium får kvar bueining eit risikotal med fargekode grøn, gul eller raud. Fargen bestemmer frekvensen på både feiing og tilsyn ut frå den risikoen som ligg på einingane.

- Grøn - Feiefrekvens kvart 8. år
- Gul - Feiefrekvens kvart 5. år
- Raud - Feiefrekvens kvart 3. år
- Raud + - Feiefrekvens kvart år

Kommunen si førebyggjande plikt

«§ 14 Kartlegging av risikoen for brann

Kommunen skal kartlegge sannsynligheten for brann og konsekvensene brann kan få for liv, helse, miljø og materielle verdier i kommunen. Kommunen skal herunder kartlegge utsatte grupper i kommunen som har en særlig risiko for å komme i eller bli skadet av brann, og brannobjekter der brann kan føre til tap av mange menneskeliv.

Sentrale begreper

- Kartlegge innebærer å innhente og analysere fakta om risikoen for brann.
- Sannsynlighet og konsekvens omtales gjerne samlet som risiko
(risiko = sannsynlighet x konsekvens).
- Liv omfatter både mennesker og dyr.
- Helse omfatter både fysisk og psykisk helse.
- Miljø omfatter bare miljøkonsekvenser som følge av brann.
- Materielle verdier omfatter også verdier som ikke kan erstattes, som for eksempel kulturminner.»

Kvifor skal kommunen kartleggje risikoen for brann?

Grunnlaget for eit systematisk brannskringsarbeid er kunnskap om fare for at det skal oppstå brann og kva konsekvensar brann kan gje for kommunen. Kunnskap krev korrett informasjon og analyse. Det lokale risikobilete gjev grunnlag for prioritering, planlegging og gjennomføring av eigna tiltak.

Kvifor må jeg betale dersom de ikkje har feia hos meg?

Alle kommunane i Setesdal har ein "flat" pris på feieavgifta. Det vil seie at ein betalar eit beløp kvart år, sjølv om det ikkje nødvendigvis har blitt feia akkurat dette året. Gebyrfastsetjinga for feie- og tilsynstenesten er basert på prinsippet om sjølvkost, altså skal gebyret kun dekke utgiftene for denne kommunale tenesten. Gebyret vert justert etter kor mykje denne tenesten kostar.

Det vil ikkje vere mogeleg å krevje inn feiegebyr frå eigrarar som ikkje har fyringsanlegg.

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT

Vi minner om fristen for å søkje om produksjonstilskot er 15. oktober.

For rettleiing ved elektronisk søknad kan de ta kontakt med med Gunn Marith Homme 918 37 000. For andre spørsmål tek de kontakt med Rådgjevar landbruk Kristin Furuløkken på telefon 91728460. Det er svært viktig at søknaden vert fylt ut korrekt, då vi som sakshandsamarar ikkje har høve til å korrigere i etterkant når søknaden er sendt inn.

VALLE KOMMUNE VIL AT FLEIRE SKAL TA IMOT DIGITAL POST

Mange innbyggjarar i Valle kommune har enda ikkje teke i bruk digital postkasse. No startar kommunen ein ny kampanje for å få fleire til å ta imot digital post frå kommunen. Vi trur at mange innbyggjarar vil tykkje digital postkasse er praktisk: Du unngår unødvendig ventetid, og får mange brev frå både det offentlege og private direkte i den digitale postkassa di, same kor du er. Rask, sikkert og enkelt! Der blir dei liggjande i ditt personlege arkiv så lenge du vil.

Vi håpar mange av innbyggjarane som ikkje har oppretta digital postkasse vil bruke nokre minutt på å gjere dette. Gå inn på www.norge.no - og vel enten Digipost eller e-Boks. Dei som treng hjelp eller har spørsmål om tenesta, kan kontakte Velkomstsenteret på telefon 37937500 mellom kl 09.00 – 14.00.

POLITISKE MØTE

Det vert konstituering av nytt kommunestyre onsdag 9. oktober kl. 18.00.

På dette møtet skal kommunestyrevalet 2019 godkjennast og det skal veljast medlem/representantar til samtlege styre, råd og utval.

Ordinært kommunestyremøte vert onsdag 25. oktober kl. 18.00. Rådmann vil orientere om framlegg til budsjettet for 2020 på dette møtet.



VELKOMNE TIL OFFISIELL OPNING AV

AKTIVITETSPARKEN

I RYSSTAD SENTRUM

TORSDAY 3.OKTOBER KL. 18!

Det blir snorklypping, litt å bite i og trivelege aktivitetar!

Alle hjarteleg velkomne!

Med helsing prosjektgruppa v/ tidl. FAU Hylestad, i samarbeid med Valle kommune



INFORMASJON FRÅ LEGEKONTORET

Vi har fått ny LIS1 (turnuslege) som startet 1.sept og skal være ut februar mnd 2020.

Dr. Hallvard Mosdøl er tilsett i 40% kommuneoverlegestilling i ein periode med ein kontordag i veka. Dette gjer at han har noko ventetid på time. I haust må helsetenesta i Bykle og Valle arbeide med kvalitetssikringsarbeid. Dette er pålagt arbeid, og det vil gjelde begge kommunar. Dette vil føre til noko lengre ventetid på legetime. Alle som treng time der det hastar grunna sjukdom, kjem inn raskt, som tidlegare.

Dr. Siri Haugsetveit er 100% sjukmeldt ut året, det er sett inn vikar i stillinga som jobber 2/3 faste dager i veka.

Ved manglande oppmøte til legetime der du ikkje har gitt beskjed dagen før, vil du måtte betale for timen.

Legekontoret starter med Digital Dialog med Fastlege i høst.

Dette er ein ny offentleg helseportalen for pasientar og gjer det mogleg på ein enkel og rask måte å kontakte legekontora for følgande:

E-konsultasjon: Skriftleg konsultasjon via nettportalen for kjende problemstillingar.
Pris: Eigenandel som ved vanleg konsultasjon + gebyr

E-kontakt: Besvares av lege eller helsesekretærane på kontoret. Eksempel er spm. om prøvesvar, transport o.l.

Fornye resept: Be om fornyna resept på dine faste legemiddel. Oppgi hentested ellers blir den sendt åpen – i sky.

Fastlegane kan også på en sikker måte sende ut svar på prøver, undersøkelsar og liknande. Men, dette krever at den enkelte pasient har godkjent brukervilkåra.

Telefontida til legene vil gå ut, dersom du ikkje kan nyte Digitale tenester kan du ringe kontoret. For å komme i gang med digital dialog må du som pasient logge på og akseptere vilkårene, det gjør du på følgende måte:

Gå inn på WWW.helsenorge.no/minhelse
Logg inn via Bank-ID (enheten via brikke eller mobil)

Klikk på «aksepter vilkår» dersom du aksepterer disse.

Se helsenorge.no for mer informasjon.

[Helsenorge.no](http://helsenorge.no) er den nye offentlege helseportalen for innbyggjare i Noreg. Med bank-ID, Buypass o.l. kan man logge inn på Min Helse og få utført ei rekke tenester.

Vi anbefaler alle våre pasientar å bruke denne tenesten ved å logge inn på www.helsenorge.no/min-helse og godkjenne brukervilkåra.



Saukjøring – Valle i Setesdal – MARKNADEN

FREDAG 4.OKTOBER FRÅ KL. 12

LAURDAG 5.OKTOBER HEILE DAGEN

**Velkomne til tradisjonell marknad
med lokal mat og landbruk i sentrum!**

**Marknad fredag frå kl. 12 og heile laurdag,
basar, utstillingar, aktivitetar og arrangement**

Fredag 4. oktober

- 12.00 Utstillingane opnar**
- 14.00 Setesdal husflidssentral 50 år. Lansering av jubileumsbok**
- 19.00 Sauquiz på Nordibø landhandel**

Laurdag 5. oktober

- 10.00 Basar med setesdalssuppe, arr. Valle bygdekvinnelag, Sæbyggjen - Sentrumsstoga i Valle**
- 11.30 Koking av lam i kokegrop, arr. Setesdalsmuseet**
- 13.00 Slakting og partering av lam, arr. Nortura**
- 13.30 Opning av kokegrop**
- Smaksprøver av lam laga til på steinaldervis**
- 16.00 Trekking basar**
- 22.00 Sauedans med The Jores, Sølvarden hotell (18 år)**

Begge dagar:

Setesdal husflidsentral:

Vottar og vantar i Setesdal | «UFO-utstilling» - utstilling av uferdige objekt
Rundtur med Gråtass | Barnetivoli | Husdyrutstilling | Veteranbilutstilling

Ulike salsutstillingar:

Landbruksmaskinar, snøskutarar, utstyr til skogsarbeid og brøyting og anna maskinelt utstyr | Lokalmat, bakevarer, frukt og grønt | Husflidsprodukt | Kunst , kunsthandverk, nytt & brukta , boksal i det gamle biblioteket med meir

Bunadssøldagar på Sølvarden hotell

Det er på Saukjøringmarknaden i Valle me treffast!

Arr. Valle sentrumsforeining, Valle bygdekvinnelag og Valle sau og geit, i samarbeid med Valle kommune, Valle radio med fleire


Biblioteket 4. og 5. oktober

I høve til at biblioteket skal brukast av Valle bygdekvinnelag under Sauesjåen fredag 4. og laurdag 5. oktober, vart biblioteket ikkje betjent desse dagane.

Men sjølbetjeningsautomaten er der så alle kan levere og låne bøker.

Årets største boksal 5. oktober!

Under sauesjåen skal biblioteket ha eit stort sal av bøker i det gamle biblioteket i Valle. Me opnar salet kl. 12.00 og held på til kl. 15.00. Det vil vera mykje å sjå på, både eldre bøker og nyare bøker som ein kanskje kan gje i jolegave?



Gutteklassen har samling i Broderheimen Bedehus, Flateland
Måndag 7. oktober kl. 17.30-19
Andakt, Snikring og Kveldsmat
Alle frå 1. klasse og ut Mellomsteget/
Ungdomssteget er hjarteleg velkomne!

Middagsfellesskap Tysdag 15. oktober
Kl.:16-18
Stad:Hylestad soknehus
Meny:Kompe m/tilbehør
Pris:kr.100 pr. pers.
kr. 250 pr. fam.

SETESDALSMUSEET

Inviterar

27. oktober

kl. 11-15

FAMILIEDAG

HOBBYVERKSTAD FOR BARNA
VAFFELSAL
OPNE UTSTILLINGAR

HAR DU SPELT I KORPS EIN GONG I TIDA - KANSKJE TIL OG MED FOR LENGE, LENGE SIDAN?

Vel, kanskje er tida mogen for å plukke opp instrumentet igjen?

Vi er ein lystig gjeng som treffest om lag annakvar veke og spelar saman. Vi har det utruleg moro! :-)

Du er hjarteleg velkommen til å vere med - vi lover låg terskel og mykje gama!

Har du spørsmål, kan du kontakt oss på fb-gruppa Veterankorpset i Valle, eller Margrethe Mosdøl, tlf. 480 50 421.

Første øving etter haustferien:

TORSDAG 10.OKTOBER
KL.1900-2030

i 3.høgda, Valle skule.
Velkommen skal du vere!



Valle pensjonistforening har møte i Sæbyggjen mandag 7 oktober kl.17.00.

Andakt, matservering og Utloddning .Lisbeth D Homme vært med.

Alle er velkomne.

SPITEKAFE

Spitekafeen har startar opp annan onsdag

Tida vert som før - **KL.18-21.**



9.okt. Hekling av mufletisar (Inger Homme kjem)

23.okt. Vanleg spitekafe STRIKK OG SKRAL

Tak med det du har spita til premature born.

6.nov. Montering av kofter og genserar. (inger Homme kjem)

20.nov. Montering av kofter og genserar. (inger Homme kjem)

4.des. Jolepynt. Har DU noko du kan lære bort?

Ta kontakt med Kritin Nomeland 99538807



LMT SETESDAL
LOKALMEDISINSKE
TJENESTER

Setesdalssamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

"Utenforskap"

Fagdag i Setesdal tirsdag 15. oktober 2019



Tommy Sjåfjell
"Ensomhet og utenforskap"

Spesialutdannet vernepleier med egen erfaring.
Forsker ved Universitetet i Sørøst-Norge og prosjektleder i A-larm.
Foredragsholder og skribent.



Cecilie Marie Norberg
"Veien tilbake"

Barnevernspedagog som deler egne erfaringer knyttet til avhengighet, psykisk helse, endringsprosesser og mammars rollen.



Jan Helge Yannis Messell
"Ser du meg?"

"Mange sier de har gått livets harde skole, jeg har bare lært meg å leve."



Torstein Garcia de Presno
"Ja, jeg ser deg"

Jobber ved RVTS Sør med forebygging, stress- og traumeforståelse samt med barn og unges psykiske helse.



Age Sten Nilsen
"One of your own"

Soloartist, musicalartist og frontfigur i Wig Wam og Ammunition

Et musikalsk innslag med faglige innspill fra en vernepleier med lang musikalsk karriere.

Fagdagen er gratis og arrangeres i år som i fjor på Evjemoen kino og scene. Fagdagen i år rettes mot de som jobber i skole, barnehage, sykehus, kommunale helse og omsorgstjenester, NAV, bruker- og pårørendeorganisasjoner, samt for de som er brukere og pårørende selv.

Bindende påmelding innen fredag 4. oktober 2019 på <https://www.fylkesmannen.no/nb/agder/Kurs-og-konferanser/1/2019/10/fagdag-setesdal-rus-og-psykisk-helse-2019/>

For mer informasjon, se Fylkesmannens nettside og LMT Setesdal sin facebookside.

Fagdagen er et samarbeid mellom NAV, Sørlandet sykehus HF, Fylkesmannen i Agder og LMT Setesdal.



SØRLANDET SYKEHUS
Avdeling for rus- og avhengighetsbehandling



Velkommen til Helsetrimmen i Valle.

Nå er det startet opp med helsetrimmen igjen og det starter for fullt etter høstferien.

Hjem: Helsetrimmen er for alle voksne og eldre som ønsker å delta i en organisert gruppetrening for hele kroppen. Dette er en lavterskel gruppetime som er ledet av fysioterapeut Sigrid.

Hvor: Møt opp i Vallehalli rett innenfor inngangen ca. 15:00-15:15. Kvart over går vi ned til garderobe og gjør oss klare for trim.

Utstyr: Trenger ikke ta med noe utstyr annet enn personlig tøy og kanskje en drikkeflaske.

Når: Hver mandag og torsdag kl 15:15-16:15. Selve trimmen varer ca 45 min.

Kostnad: GRATIS

Første gruppetrening etter høstferien er mandag 14.oktober. Vell møtt!

Hvis du lurer på noe kan du ringe til Sigrid (fysioterapeut) på tlf: 46883253.



Kjem til Valle kyrkje laurdag 19. oktober kl. 13.00.
Det vert og utdeling av bøker til dei som er 4- og
6 år og ei overrasking til dei som er 5 år!



**Den kulturelle spaserstokken
Valle bygdeheim
onsdag 30.oktober kl. 11.00
R&A&K JAZZY**



Dagsenter startar kl. 10.30. Gratis inngang. Vel møtt!
Arr. Valle kommune

Tema:Frå Operaen til prest

Ved pianoet: Knut Olav Uppstad

Stad:Kyrkjestoga i Sæbyggjen

Dato: 1. november

Kl: 19.00

Inngang:kr.200.skuleelevar /studentar gratis

Enkel servering

Du er hjartelag velkommen

Arr.Diakoniutvalet i Valle og Hylestad

Jens Olai Justvik var ansatt ved Den norske operaen i 14.år.Etter han blei pensjonert frå operaen har han vore frilanser og jobba som sanger, skuespiller, foredragsholder, konfransier og regissør. Han er ein allsidig musiker og artist.

I dag jobber han i Den norske kyrkje som sokneprest i Tveit menighet

**Frist for innsending til Bygdenytt
for November er 21. oktober.**

KYRKJA I OKTOBER

Soknerådsmøte

Ons. 9. okt. kl. 12.30

Kyrkjekontoret

Korøving

Ons. 9. okt. kl. 19.00

Kyrkjestoga

Andakt på Valle Bygdeheim

Tor. 10. okt. kl. 11.00

Tårnagentdag

Søn. 13. okt. kl. 13.00

Valle kyrkje

Tårnagentgudsteneste

Søn. 13. okt. kl. 17.00

Valle kyrkje

Musikk på Valle Bygdeheim

Ons. 16. okt. kl. 11.00

Korøving

Ons. 16. okt. kl. 19.00

Kyrkjestoga

Kyrkjettene kjem

Laur. 19. okt. kl. 13.00

Kyrkjbok til 4 – og 6 åringer

Valle kyrkje

Andakt på Valle Bygdeheim

Ons. 23. okt. kl. 11.00

Korøving

Ons. 23. – og 30. okt. kl. 19.00

Kyrkjestoga

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe

Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,

tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no



Valle og Hylestad sokn

DEN NORSKE KYRKJA

[Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad](#)


DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda



Kulturveka i Valle

25. oktober - 3. november 2019

Fredag 25.10. kl. 17.00

Basar på Broderheimen. Flateland

Fredag 25.10. kl. 21.00

Konsert med folkemusikkpub.

Mads Kuraas, Lars-Ingvær Fjeld og Tor Hoslemo, Sølvgarden hotell

Laurdag 26.10. kl. 10.00 - 16.00

Kurs i redesign av klede. Monica Herredsvela, Valle skule

Laurdag 26.10. kl. 12.00 - 19.00

Basar på Treungen grendehus. Helle

Laurdag 26.10. kl. 13.00

Familieframstyring: «Så datt de ne a todd». Hilde Eskild og Sigrid K. Jore, Sæbyggjen, biblioteket

Laurdag 26.10. kl. 18.00 - 21.00

Allidrett. Vallehalli

Laurdag 26.10. kl. 20.00

Konsert med R&A&K Jazzy. Sølvgarden hotell

Sundag 27.10. kl. 10.00 - 15.00

Kurs i redesign av klede held fram. Valle skule

Sundag 27.10. kl. 11.00 - 15.00

Familiedag på museet. Setesdalsmuseet

Sundag 27.10. kl. 19.00

Pianokonsert og kåseri. Øystein Kikut, Sæbyggjen

Måndag 28.10. kl. 17.00 - 18.00

Samling for M-gjengen og Guttekubben. Sæbyggjen, Kyrkjestoga

Måndag 28.10. kl. 19.00

Foredrag: «Når konfliktene oppstår». Ida Hydle, Hylestad soknehus

Tysdag 29.10. kl. 15.00

Grautfestival. Valle bygdekvinnelag, Sæbyggjen

Onsdag 30.10. kl. 11.15 - 13.30

Foredrag for ungdomar: «Motgang gjør sterke». Marius Sørli, Valle kultursenter, Storstoga

Onsdag 30.10. kl. 11.00

Konsert med R&A&K Jazzy. Valle bygdeheim, dagsenteret

Onsdag 30.10. kl. 18.00

Foredrag: «Motgang gjør sterke». Marius Sørli, Valle kultursenter, Storstoga

Onsdag 30.10. kl. 19.00

Bytur for ungdomsklubben.

Torsdag 31.10. kl. 11.15

«Hokus og pokus bli med og syng!» Valle kultursenter, Storstoga

Torsdag 31.10. kl. 19.00

Forfattarbesøk, Toril Brekke. Sæbyggjen

Torsdag 31.10. kl. 17.00 - 19.00

Barnas Halloweenfest. Sølvgarden hotell

Fredag 1.11. kl. 19.00

Foredrag: «Fra operaen til prest». Jens Olai Justvik. Sæbyggjen, Kyrkjestoga

Laurdag 2.11. kl. 13.00. Foredrag kl. 16.00

Sprekleik. Gjest: Pål Anders Ullevålseter

Laurdag 2.11. kl. 20.00

Grusveien Jazzorkester. Nordibø landhandel

Laurdag 2.11. kl. 22.00

Halloweenfest. Sølvgarden hotell

Sundag 3.11. kl. 11.00

Helgemesse og diakoniens dag. Hylestad kyrkje

Sundag 3.11. kl. 19.00

Foredrag: «Frå spelsau til samspel». Annemor Sundbø og Jamie Lodberg, Setesdalsmuseet



Valle kommune



Valle Sparebank
- allstøtt med deg

HASLA | FOSSENSYLV



OTRA
KRAFT
ByleVindu

joker
Valle



Folkeakademiet
VALLE





Basar på Broderheimen bedehus
Sonja Leirvik (NLM) kjem og har andakt.
Når: Fredag 25.10. kl. 17.00
Kvar: Broderheimen bedehus, Flateland
Arr.: Styret i Broderheimen
Pris: Gratis



Familieframsyning:
«Så datt de ne a todd»
Hilde Eskild og Sigrid K. Jore krydrar eventyr frå Setesdal med musikk og song.
Når: Laurdag 26.10. kl. 13.00
Kvar: Sæbygjen, biblioteket
Arr.: Kulturveka
Pris: Gratis



«Når konfliktnene oppstår»
Om konfliktantering og mekling
Foredrag ved Ida Hydle.
Ida Hydle er professor i kriminologi, forsker ved Senter for velferd- og arbeidslivsforskning, og har erfaringar frå mellom anna barnevern, kriminalomsorg og fredsforskning. Enkel servering.
Når: Måndag 28.10. kl. 19.00
Kvar: Hylestad sokneshus
Arr.: Kulturveka
Pris: Kr 200 / medlem FA kr 150 / skuleelevar gratis



Allidrett

Aktivitetar i idrettshallen, og andakt ved Egil Grindland (NLM). Kiosksal.
Alder 7.klasse og oppover.
Når: Laurdag 26.10. kl. 18.00 - 21.00
Kvar: Valle kultursenter, Vallehalli
Arr.: Valle allidrettsklubb
Pris: Gratis



Koncert med R&A&K Jazzy
Ryszard Gosciniak, trekkspel og piano, Anna Slaby Driell, vokal, fiolin og gitar og Kjetil Carolis Jore, slagverk, inviterer til stemningsfull, jazzy og sigøynarinspirert musikk, klar til å nyta!

Når: Laurdag 26.10. kl. 20.00
Kvar: Selvgården hotell
Arr.: Kulturveka
Pris: Kr 200 / medlem FA og studentar kr 150



Kurs i redesign av klede held fram
Når: Sundag 27.10. kl. 10.00 - 15.00
Kvar: Valle skule, kunst- og handverkromet
Arr.: Kulturveka



Kurs i redesign av klede
ved Monica Herredsvæla
Gjenbruk er i tida som aldri før. På kurset lærer du å redesigne klede du har liggjande. La draum bli saum, saman med kurshaldar Monica Herredsvæla, kjent frå Symesterskapet på NRK.
Påmelding innan 21.10. til 922 68 223.
Du må ha med egen symmaskin og materiell.
Når: Laurdag 26.10. kl. 10.00 - 16.00
Kvar: Valle skule, kunst- og handverkromet
Arr.: Kulturveka
Pris: Kr 800 / ungdom 500 for heile kurset (to dagar)



Pianokonsert med kåseri

ved Øystein Kikut:
«Musikk av Franz Schubert». Gled deg til eit nært møte med Franz Schubert formidla av pianist Øystein Kikut. Enkel servering.

Når: Sundag 27.10. kl. 19.00
Kvar: Sæbygjen
Arr.: Kulturveka
Pris: Kr 200 / medlem FA kr 150 / skuleelevar gratis



Basar på Treungen grendehus
Sal av lodd, setesdalsuppe, gode kaker, kaffi og anna snadder som høyrer med på ein tradisjonell basar!
Når: Laurdag 26.10. kl. 12.00 - 19.00
Kvar: Treungen grendehus, Helle
Arr.: Treungen grendelag
Pris: Gratis



Ungdomsklubb: Bytur
Bytur med kino. Felles transport.
Info/påmelding ved ungdomsbarnehagar.
Når: Onsdag 30.10. kl. 19.00
Arr.: Valle kommune Kultur og fritid
Pris: Kr 200 inkl. transport, kino, mat.



«Hokus og pokus bli med og syng!»
Musisk figurteaterframisyning med våre tradisjonelle barnesongar.
For barnehagane og 1.- 4. trinn Valle skule
Når: Torsdag 31.10. kl. 11.15
Kvar: Valle kultursenter, Storstoga
Arr.: Folkeakademiet Valle / turne Folkeakademiet Agder
Pris: Gratis



Sprekleik
Gjestedeltakar og foredragshaldar i år er pål Anders Ullevålsæter, ein av våre beste rally- og endurofarar. Han er landslagstrener for det norske endurolandslaget, og framleis aktiv som utøvar sjølv.
«Helse på hjul» har stand med konkurransar og premiar!
Når: Laurdag 2.11. kl 13. Foredrag kl 16.
Kvar: Valle kultursenter, Vallehalli
Arr.: Valle IL
Pris: Gratis



Gruftafestival
Noreg var i riktig gamle dagar eit grautland. For å vise at graut er viktig i kvardagskosten også i dag, inviterer Valle bygdekvinnelag til grautfestival!
Når: Tysdag 29.10. kl. 15.00
Kvar: Sæbygjen
Arr.: Valle bygdekvinnelag
Pris: Kr 30 per person



Forfattarbesøk: Toril Brekke
Toril Brekke fortel om sitt forfatterskap og triologien ho held på med for dia, som fram til no er sett saman av «Alle elsket moren din» og «Kobrahjerte». Enkel servering.
Når: Torsdag 31.10. kl. 19.00
Kvar: Sæbygjen
Arr.: Kulturveka og Valle bibliotek
Pris: Kr 200 / medlem FA kr 150. Skuleelevar gratis



Halloweenfest
Kjetil Åsvåld Åsen spelar. 18-årsgrænse.
Når: Laurdag 2.11. kl. 22.00
Kvar: Selvgården hotell
Arr.: Selvgården hotell
Pris: Kr 200



Grusveien Jazzorkester
Ein helhaftan med musikk & mat!
Grusveien Jazzorkester er sett saman av fem medlemmar med lang fartstid innanfor ulike musikkmiljø i Noreg. Bli med på ei spennande reise innan standardåtane innan jazzsangeren! 18 år. Billetten inkluderer mat. Påmelding til post@nordbobilandhandel.no innan 28.10.
Når: Laurdag 2.11. kl. 20.00
Kvar: Nordbobilandhandel
Arr.: Kulturveka
Pris: Kr 400 / medlem FA og studentar kr 350



Barnas Halloweenfest
Utkledning, pizzabuffet med dessert, disco i småskumle omgjevader!

Når: Torsdag 31.10. kl. 17.00 - 19.00
Kvar: Selvgården hotell
Arr.: Selvgården hotell
Pris: Gratis, betaling for pizzabuffé



Koncert med R&A&K Jazzy
Stemmingsfull jazz- og sigøynarinspirert musikk ved Ryszard Gosciniak, trekkspel og piano, Anna Slaby Driell, vokal, fiolin og gitar, og Kjetil Carolis Jore, slagverk.

Når: Onsdag 30.10. kl. 11.00 - 13.30
Kvar: Valle bygdeheim, Dagsenteret
Arr.: Valle kommune Kultur og fritid,
Den kulturelle spaserstokken
Pris: Gratis



Motgang gjør sterke
Foredrag ved Marius Sørli:
Korleis kan du prate med ungdomar - og faktisk nā inn til dei? Kva er viktig å fokusere på i samtalar for ikkje å vere «teil» og kip? Mentaltrener Marius Sørli gir deg konkrete råd og verktyg! Sal af kaffi m.m.

Når: Onsdag 30.10. kl. 18.00
Kvar: Valle kultursenter, Storstoga
Arr.: Kulturveka og Valle skule
Pris: Kr 50



Folkakademiet VALLE



Frå spelsau til sampel!
Foredrag ved Annemor Sundbø. Spiteguru Annemor Sundbø i samspeil med spelemann Jamie Lodberg.
Når: Sundag 3.11. kl. 19.00
Kvar: Setsedalsmuseet
Arr.: Kulturveka og Setsedalsmuseet
Pris: Gratis

20. oktober kan du gå årets viktigste søndagstur

Bli bøssebærer ved å **ringe 02025**
eller på **blimed.no**



SYKELLØP TV AKSJONEN VALLE SKULE 17.OKTOBER KL: 16.00

START OG MÅL: VALLE SKULE
ALL INNTEKT GÅR TIL TV AKSJONEN
KIOSK SALG
SPONSORLØP



Tradisjonsrik Bedehusbasar i Broderheimen Bedehus,

Flateland

del av Kulturveka –

Fredag 25.oktober kl. 17
(NB: merk tida!)

Andakt v/Sonja Leirvik fra NLM

Gratis mat & drikke

(rundstykke, kake, kaffi, te & brus)

Åresal og loddsal på bok med mange fine gevinstar.

Hovudgeinst: Kvit setesdalskofte ca. str. 42 og
Mariusgenser strikka og gjeve av
Gunhild K. Rynnestad

Ta fredagskaffien i Broderheimnen og stø opp
om basaren til inntekt for drifta av huset

STORE & SMÅ – fastbuande & turistar - ER
HJARTELEG VELKOMNE!

Arr.: Styret

M-gjengen ynskjer velkommen til
samling i **Kyrkjestoga i Valle** for
alle gutter og jenter mellom 5 og 9 år!

Måndag 28. oktober kl. 17:00 til 18:30!

Guttekubben som held til på Flateland
er også invitera til felles samling denne gongen!
Det blir Bibelforteljing, aktivitet, song og
kveldsmat.

Yngre (med foreldre) eller eldre barn må gjerne
kome!

Sjå vår Facebook-
gruppe «M-gjengen».

Valle og Hylestad



MISJONSKVELD PÅ NOMELAND BEDEHUS
Laurdag 12. oktober kl 18.00
Vi får besøk av Nelia Sandanger med team fra
Sandnes.

Det vert forkynning, song og musikk.
Informasjon om misjonsarbeidet på Filippinane.
Servering av filippinsk mat og kaffe og kaker.
Gåve til misjonsarbeidet.
Hjarteleg velkomne!



Bygdekinoen



TORSDAG 10. oktober

KL. 1800 Kaptein Sabeltann og Den Magiske Diamant

Den livsfarlege jungelfyrsten Maga Kahn og den onde dronning Sirikit har endeleg fått tak i den magiske diamant. Ryktet seier at den kan oppfylle ønskje ved fullmåne. Maga Kahn drøymer om å tole sol slik at han fritt kan kome seg ut av den mørke jungelen, men innan måneskinet kjem blir diamanten stolen av guttungen Marco... Maga Kahn blir rasande og sender alle sine apesoldatar ut for å få diamanten tilbake. I Kjuttaviga lever Pinky rolege dagar utan bekymringar, medan Sunniva drøymer om nye eventyr. Eventyret kjem når Kaptein Sabeltann og hans mest trufaste menn plutselig dukkar opp. Snart hamnar Pinky og Sunniva om bord på Den Sorte Dame i eit vanvittig kappløp for å finne den magiske diamant.



KL. 2000 – 12 år. Ad Astra

«Brad Pitt gjør en av sine beste rolleprestasjoner i en sterk og imponerende romreise» - Dagsavisen. «Ad Astra er like spennende og hjerteskjærende som den er eksistensiell, og feier seg inn i rekken av nylige filmatiske mesterverk om menneskets odysseer i det ytre rom» - HA. «An Interstellar Masterpiece» - Indiewire. Atronauten Roy McBride (Brad Pitt) reiser gjennom solsystemet til det ytre rom for å finne far sin, som er sakna, og for å løyse eit mysterium som trugar planeten. Reisa hans vil avsløre løyndomar som utfordrar naturen, mennesket sin eksistens og vår plass i kosmos.

KINOPROGRAMMET FOR 24.OKTOBER ER IKKJE KLART ENNO, MEN FØLG MED PÅ FB KULTUR I VALLE FOR INFO!

Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn, litt

KONSERT

I SKAFSÅHEII FJELKYRKJE

LAURDAG 5. OKTOBER KL. 19.00



Freydis Grorud



Anne Gravir Klykken



Trond Lien

Arr. Fjellkyrkjelaget og Skatså, Mo og Elsborg sokneråd

Billett: Vaksne kr 250,-
Barn kr 100,-

VELKOMEN!

Kva skjer?

Sjå annonse eller www.valle.kommune.no for meir informasjon

03.10 Kl. 18	Oppning av aktivitetsparken i Rysstad sentrum
4-5.10 Kl. 12	Sausesjå, Valle sentrum
05.10 Kl. 19	Konsert i skafsaheii fjellkyrkje
07.10 Kl. 17	Møte i Valle pensjonistforening, Sæbyggjen
07.10 Kl. 1730-19	Guttekubben, Broderheimen bedehus
09.10 Kl. 18-21	Spitekafe, Husfliden
09.10 Kl. 19-2130	Første samling i voksenkoret, Kyrkjesta-ga, Sæbyggjen
10.10 	Bygdekinoen
10.10 Kl. 19-2030	Første øving i korpset, Valle skule
12.10 Kl. 18	Misjonskveld på Nomeland bedehus
15.10 Kl. 16-18	Middagsfellesksap, Hylestad soknehus
17.10 Kl. 16	Sykkeløp for TV aksjonen, Valle skule
18.10 Kl. 19	Agder Camerata konsert i Sæbyggjen
19.10 Kl. 13	Kyrkjerottene i Valle kyrkje
20.10	TV-aksjonen 2019
23.10 Kl. 18-21	Spitekafe, Husfliden
25.10 Kl. 17	Bedehusbasar i broderheimen bedehus
26.10 Kl. 18-21	Valle Allidrettsklubb, Vallehalli
28.10 Kl. 17-1830	M-gjengen, kyrkjesta-sæbyggjen
30.10 Kl. 11	Konsert med R&A&K Jazzy, Valle bygdeheim